

**Saksframlegg****Økonomirapportering pr 01.11. - finans**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskap		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**Dokument i saka:**

Utskrift frå økonomisystemet pr. 01.11

Bakgrunn for saka:

Med bakgrunn i økonomireglementet skal formannskapet minst kvar andre månad ha framlagt sak om den økonomiske stoda for kvar sektor.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019: ... vi opprettheld og brukar det økonomiske handlingsromet:

Tabellen for området ser slik ut:

Avdeling	Rekneskap 01.11.2016	Budsjett 01.11.2016	Underforbruk	Overforbruk
Næringsfond	-4 594 603	-2 833 600	1 761 003	
Skatt frå forskotspl.	-21 180 708	-19 830 160	1 350 548	
Eigedomsskatt	-9 881 101	-9 840 000	41 101	
Naturressursskatt	-5 061 751	-5 064 000		2 249
Rammetilskot	-49 966 636	-50 251 125		284 489
Andre statlege tilskot	-58 383	-207 000		148 617
Renter	-2 103 294	-1 975 888	127 406	
Avdrag	2 127 076	2 244 641	117 565	
SUM	-90 719 400	-87 757 132	3 397 623	435 355

Næringsfond:

Underforbruket her skuldast feil i periodiseringa. Årsresultat ser ut til å bli i samsvar med budsjett.

Skatt frå forskotspliktige:

Underforbruket skuldast meirinntekter så langt i år. Det har vore ein sterk vekst i skatteinntektene generelt i kommunane i løpet av året og her vil ein nok få noko ekstraintekter. Men ein må sjå dette i samanheng med rammetilskotet.

Eigedomsskatt:

Liten meirinntekt i forhold til budsjett.

Naturressursskatt:

I tråd med budsjett.

Rammetilskot:

Ingen endring i forhold til tidlegare rapportera, men ein må sjå dette i samanheng med meirinntekter på skatteområdet.

Andre statlege tilskot:

Overforbruket skuldast periodisering. Årsresultat i samsvar med budsjett.

Renter/utbytte:

Underforbruket skuldast periodisering. Årsresultatet i samsvar med budsjett.

Avdrag:

Underforbruket her skuldast periodisering då fleire store avdrag forfell i desember. På årsbasis manglar vi omlag ein halv million kroner til avdrag, då vi har teke opp fleire lån utan at vi har vore flinke til å justere budsjettet. Innsparingstiltaket på å bare betale minsteavdrag er heller ikkje gjennomført. Ein bør her justere med ekstraintekter på skatteinngang.

Konklusjon:

Området er stort sett i tråd med budsjett utanom avdragsutgifter og skatteinngang.

I seiste budsjettreduksjonssaka vart det vedteke å betale inn kun minsteavdrag på lånegjeld.

I forslaget til ny kommunelov som nå er ute på høyring vil begrepet minsteavdrag falle vekk og det vil kome nye reglar på korleis ein skal behandle avdrag på lån knytt opp mot den enkelte investering. Difor bør ein prøve å nedbetale i tråd avbetalingsplanen. Det låge rentenivået som vi har i dag tilseier også at det vil vere økonomisk lønnsomt.

Ein vil i år mest sannsynleg få eingongsinntekter i form av auka skatteinngang og dette bør ein bruke til å dekke avdrag på lånegjeld med.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda for området finans pr. 01.11.16 vert teke til vitande.

Auk i skatteinngang med kr 500.000,- vert overført til å dekke avdrag i tråd med nedbetalingsplan på lånegjeld.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester